



DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokneråd, 6963 Dale i Sunnfj

Kirkerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO
post.kirkeradet@kirken.no

Dale, 09.04.2018

Vår ref: 2018/43 Sak: 7/2018

Arkivkode: 008/0

Høyrings svar frå Fjaler sokneråd

Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser

Høringsspørsmål

1a: Hvordan mener dere gudstjenestereformen har påvirket gudstjenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

Reforma har vore positiv for Fjaler sokn. Fleire medverkar no i gudstjenestene som tekstlesarar/medliturgar og forsongarar, også frå dåpsfamiljar. Vi har fått bruke liturgisk musikk som appellerer til barn og ungdom. Når folk ikkje kan salmane, kan dei den liturgiske musikken som blir sunge i kvar gudstjeneste. Mange kan desse ledda utanat.

1b: Hva har fungert godt, og hva har fungert dårlig ved gudstjenestereformen?

At det normalt skal vere nattverd i hovudgudstjenesta fungerer godt. Fleire i alle aldrar deltek i nattverden.

Hos oss var det delte meiningar om handtrykk i fredshelsinga, og difor fann soknerådet det naudsynt å avskaffe den delen av fredshelsinga. Vi har også opplevd at det er vanskeleg å få kyrkjelyden med på å seie kyrkjelydssvar til bønner.

Gudstjenestereforma har òg vore positiv for trusopplæringa.

1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet fremover?

Kva som vil gjere gudstjenestedeltaking interessant for unge vaksne, aldersgruppa 30-50 år og for særleg fleire menn.

1d: Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?

Det er ikkje behov for meir variasjon og ulike gudstjenesteforamar med den frekvensen vi har i Fjaler sokn, som er annankvar søndag i hovudkyrkja og om lag ein gong i månaden på mindre plassar. Det er nok igrunn nok variasjon i løpet av kyrkjeåret, med fastetidsgudstjenester og høgtidsgudstjenester.

Høringsspørsmål 2: Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?

Fjaler har opplevd fleire gonger at bispedømekontoret ikkje har gitt tilbakemelding om at vår lokale ordninga er godkjend. Vi trur vi har kompetanse i staben, kantor og prest, til å lage framlegg til ei lokal gudstjenesteordning som soknerådet diskuterer og godkjenner. Vi meiner difor at biskopens

godkjenning kan vere unødvendig og overflødig. Det er bra at soknerådet vedtek ei lokale ordning som sikrar brei deltaking.

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

Nei!

Det har vore positivt at kyrkjelyden ber ei bøn i lag for å samle seg i starten av gudstenesta. Dagens bøn berre bedt av presten blir ikkje det same. Vi har hatt dårlege erfaringar ved å prøve å få kyrkjelyden til å syngja eller seie «Amen» etter dagens bøn.

Høringsspørsmål 3 f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbejennelse i høringforslaget?

Det er positivt med bruk av eit bibelsitat frå Salme 119 til liturgens innleiing til syndsvedkjenninga, men vi vil/ønskjer framleis å kunne bruke innleiinga: «**Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.**» Denne innleiinga har vi brukt fast i Fjaler.

Tilgjeving er eit meir forståeleg omgrep enn «å sanna syndene våre».

Vi ønskjer auka gudstenestedeltaking, og då må vi ta på alvor kor viktig det er å bruke eit språk som både barn og vaksne forstår. Vi har auka fokus på trusopplæring og born si deltaking i gudstenesta. Det er eit stort skritt tilbake å innføre berre ein variant, då det er få i dag som forstår kva det vil seie «og sanna syndene våre».

Det er bra at syndsvedkjenning 3 framleis er med. Den er veldig konkret med omsyn på synd og tilgjeving, og vi brukar den fast i Fjaler. Den nye syndsvedkjenninga 4 er også bra. Viktig å vidareføre «vi»-formen.

Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

Ja. Dagens bøn uttrykkjer dagens tema og innleier tekstlesingane i gudstenesta, og er ein gammal tradisjon i Noreg som strekkjer seg attende til 1887.

Høringsspørsmål 3 j: Gi eventuelt andre kommentarer til høringstema 3?

Fleire rettleingar/presiseringar i rubrikkar er bra.

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

Vi ønskjer at «Ordet» sitt omfang skal vere slik det er i dag, slik at «Forbøn» er ein eigen del. Vi tykkjer det blir feil å inkludere mesteparten av forbønsdelen inn i delen om «Ordet» berre av økumeniske hensyn og tilpassing. At tekstane først blir lesne etter tur, og avslutta med tekstutlegging og preike har ei naturleg og logisk oppbygging og rekkefølge. Vi tykkjer tekstane skal lesast i den same rekkefølga i gudstenesta uavhengig kva for tekst det skal preikast over. Det er alltid mogleg komme inn på alle tekstane i preika.

I ledd 12, Evangelium, ynskjer Fjaler sokneråd at det framleis blir tillatt å syngja høgtidsversa på førstedagane før evangelielesinga og ikkje etterpå som forslaget legg opp til.

Vi er også usamd i at innleiingsdelen til preiketeksten, exordium, blir avskaffa slik det er foreslått i ledd 13, om preika. Det bør vere slik det er i dag med exodium, høgtidsvers, og evangelielesing. På høgtidsdagane bør ein kunne dispensere frå det vanlege «Halleluja-verset» og evangelieprosesjon med lys, og presten bør bruke preikestolen. Juledag, påskedag og pinsedag bør skille seg ut som spesielle dagar i kyrkjeåret når det gjeld praksisen omkring evangelielesinga.

Vi reagerer også på det som står i ledd 13, om preika, at «aktualiserende, dramatiserende eller aktiviserende innslag som er samordnet med innholdet i prekenen» ikkje lenger er lov i det nye forslaget. I Fjaler brukar vi av og til drama og liknande innslag i trusopplæringsgudstenester som ein del av preika. Det kan vere positivt med aktiviserande innslag i preika, særleg der barn og unge deltek.

Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/alterskranken?

I Fjaler sokn tek vi imot nattverden nesten alltid ståande i midtgangen med særkalk. Det er viktig at kyrkjelyden både et brød og drikk vin.

Høringsspørsmål 5b: Gi gjerne kommentarer til valgene av ordene som er foreslått.

Sidan Bibelomsetjinga av 2011 brukar «beger», er det naturleg at ein i liturgien nyttar same ordet. I dag gir ordet meir meining blant folk flest enn «kalk».

Sanctus: Det er rett å fortsetje med «din herlegdom». Vi rettar vår lovsong til Gud.

Kropp/lekam(legeme): Vi bruker berre «kropp» i Fjaler fordi det er mest forståeleg.

Når barna syng salme 623, «Ingen er for liten...Jesus gir oss brød og vin som sitt legeme og blod» forstår ikkje alle kva dei syng. Legeme/lekam er eit framand ord for mange barn.

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Vi ønskjer framleis at «Forbøn» skal vere eit eige gudstenesteledd mellom Ordet og Nattverden, der offeret avsluttar forbønsdelen. For oss gir det meining at vi i syndsvedkjenninga vender vi blikket mot oss sjølve, i forbøna mot andre, og under offeret gjer vi dette gjennom praktisk handling.

I Fjaler har vi hatt og har gode erfaringar ved å samle inn/ta opp offeret rundt altaret!

Det gjer vi på dei aller fleste gudstenestene til orgelmusikk. Dette aktiviserer kyrkjelyden til ei tydeleg handling, og gir ei avbrekk frå å sitje. Det gir også høve til å lytte til passande instrumentalmusikk som eit avbrekk frå salmesong.

Når det er sær mange til gudsteneste, slik som på julaftan og konfirmasjonsgudstenester, samlar vi inn offeret i benkane, men det krev meirarbeid i forhold til organisering. Då òg tek vi inn offeret til orgelmusikk.

Den foreslåtte endringa legg opp til at Fjaler berre kan praktisere sin måte å samle inn offeret på ved gudstenester utan nattverd (d.v.s. rundt altaret til orgelmusikk i slutten av forbønsdelen).

Fjaler har prøvd å halde seg til føringa om at det normalt skal det vere nattverd i hovudgudstenester. I 2018 vert det 50 forordna gudstenester med nattverd og 20 utan nattverd hos oss.

Om justeringa, at takkofferet skal skje under salmen i starten av nattverden, blir vedtatt, vil det gje oss praktiske utfordringar med innsamlinga, og mindre orgelmusikk med tid til ettertanke. Fordelen av å spare 1-2 minuttar på gudstenestelengde ved å kutte ofring rundt alteret er for oss ikkje vesentleg.

Vi har ikkje tradisjon for å samle inn offeret i benkane mens vi syng ein salme. Dette vil gjere det vanskeleg for folk å konsentrere seg om salmens innhald om dei skal leite etter pengar, bruke vipps eller sjå etter offerposen.

Fjaler sokneråd er sterkt usamd i at det skal bli obligatorisk å berre samle inn offeret i benkane, og råder sterkt mot å gjere dette obligatorisk.

Høringsspørsmål 5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høringsforslaget?

Dei fleste endringsforslaga er ok, men vi er usamde i å bytte om rekkefølga mellom dei to valfrie ledda i ledd 20. Fredshelsing bør kome før brødsbryting.

Høringsspørsmål 6: Gi gjerne kommentarer eller endringsforslag til nattverdbønnene?

Fjaler har brukt nesten alltid nattverdsbøn E. Endring av «din store familie» til «venner» ser vi som uheldig. Det fører til mindre nærleik og kjensle av relasjon. Om Gud er «pappa/Far» og Jesus er vår bror (slik det står mange stader i bibelen), må vi likevel kunne vere ein del av Guds store familie, og ikkje berre vener.

Argumentasjonen til NFG for å bruke venner held ikkje. Vi er Guds barn – og høyrer til Guds store familie.

Truleg fornuftig med ny kort nattverdsbøn G.

Høringsspørsmål 7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV. Sendelse?

I Fjaler har vi brukt vårt eige sendingsord; «Ten Gud og nesten din med glede». Dette avspeglar det doble kjærleiksbodet. Vi ser det som uheldig at det ikkje blir tillate å bruke fleire alternative utsendingsord som uttrykker fokuset på vår neste.

Fjaler sokneråd, sak FS 18/18 Sr - samrøystes
Dokumentet er godkjent elektronisk utan signatur